

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Dan Femoen gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Bergen Vitensenter AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Rasmus Laupsa Rasmussen stilte spørsmål om han var ugild fordi han er varamedlem i same selskap. Han har ikkje delteke i behandlinga av saka. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Rasmus Laupsa Rasmussen ikkje var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd. Rasmussen gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

"a) SV støttar ikkje tildelinga til HOG Energi.

b) Fylkesutvalet meiner at det viktig å gje midlar til utviklingsaktørar som fremjar ny teknologi på ferjer, og ber administrasjonen om å laga sak på dette."

Astrid F. Selsvold sette fram slikt forslag:

"Nytt punkt 4:

Fylkesutvalet ber om at saka vert teke opp på ny i januar 2016."

Røysting

Oen sitt forslag a) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag b) fekk 1 røyst (SV) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Selsvold sitt forslag fekk 7 røyster og fall. 7 representantar (H, Frp, V), med fylkesordføraren si røyst, røysta mot.

Vedtak

1. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettposten «Næringsretta partnerskapsmidlar»:
 - Destinasjonsselskapa i Hordaland med kr 650 000 for 2015.
 - Fellestenester reiseliv med kr 800 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - Regionale tiltakskontor med kr 875 000 for 2015.
 - Bergen Vitensenter AS med kr 3 550 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - HOG Energi med kr 850 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - Western Norway Film Commisison med kr 500 000 for 2015.
 - Filmfondet FUZZ med kr 650 000 for 2015.
 - Impact HUB Bergen med kr 570 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
2. Fylkesutvalet vedtar slik støtte til næringsretta utviklingsaktørar over budsjettet i Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2015:
 - NCE Media med kr 350 000 pr. år for åra 2015 og 2016.
 - NCE Maritime CleandTech med kr 350 000 pr. år for åra 2015 og 2016.
 - UPTIME Centre of Competence med kr 300 000 pr. år for åra 2015 og 2016.
 - Nordhordland næringshage med kr 300 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - Connect Vest med kr 540 000 pr. år for åra 2015 til 2017.
 - Mediaregion Bergen med kr 500 000 for 2015, kr 450 000 for 2016 og kr 350 000 for 2017.
3. For all støtte under punkt 1 og 2 gjeld at støtte for 2016 og 2017 kan bli justert/endra som følgje av

den årlege budsjetthandsaminga i fylkeskommunen og/eller som følgje av endra nasjonale rammer og tildelingar til regional utvikling i fylkeskommunane.